



Anne Grete Tverberg
Galden 1
6869 HAFSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1189 - 15/7919

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
22.04.2015

Oppmålings sak GBNR 55 Skjelanger Retting av feil i matrikkelkartet

Meland kommune har fått krav om retting av grenser i matrikkelkartet for felleseiga på gnr. 55 – Skjelanger. I samband med etterlysing av nabovarsel i tidlegare saker i området har det vore opplyst at det skulle vera eit felleseiga ved sjøen- syd for vegen til Skjelanger Fort. Kommunen har ikkje hatt tilstrekkelig dokumentasjon på dette. No har kommunen fått i hende jordskiftesak over innmarka på gården Skjelanger frå 1899, med tilhøyrande kart frå 1896 og ein ser at det er ein openbar mangel i kartet.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser, eller manglar i kartet. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar, kan grensa verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje let seg gjennomføra må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein ettersideleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til

grensa. Grensa vert framleis liggande som usikker/ umålt grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis stå fram som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte/ jordskifte og merka i marka som gjeld.

Denne saka:

Det vart halde jordskifte over innmarka til Skjelanger gnr 55, så langt tilbake som i 1896. Her er det skildra og innteikna ein felles opplagsplass ved sjøen, som ikkje har vorte lagt inn i eigedomskartet til kartverket/ kommunen. Det går ikkje heilt klart fram kva bruksnummer dette skal vera fellesareal for, men ein går ut i frå at det er for alle eigedommane som var involvert i jordskiftesaka. Dette gjeld då bnr. 1, 3-13. Bnr 5 eksisterer ikkje i dag og bnr 2 var ikkje med i jordskiftet. I tillegg til desse bruka har også dei eigedommane som seinare er delt i frå inntil det aktuelle fellesarealet fått varsel om retting i denne saka.

På vedlagt kart har ein prøvd å teikna inn rette grenser til fellesarealet- med blå/svart strek. Raude/ oransje linjer angir ikkje nøyaktig målte / skylddelte grenser, medan grønne grenser med grønne grenspunkt angir nyare målte grenselinjer. Ein har innpassa det originale jordskiftekartet så godt som råd etter ein del av dei gamle nausta som det ser ut for eksisterte også på jordskiftetidspunktet på 1896-99.

Avstandane som er påført kartet er dei som kjem fram av tekstdelen i jordskiftet- 27. linje som står skriva på side 41 og utover. Ein ser det ikkje hensiktsmessig å legge ved kopi av desse sidene då dei er lite leselege kopiar. Ein gjer merksam på at desse måla er terrengmål/ skråmål og at horisontale avstandar i kartet ofte avvik frå desse- dvs at dei horisontale måla vert kortare dess brattare terrenget er.

Det må også takast stilling til om det er felleseiget som eig dei utfylte områda, som moloen ut til den minste holmen tilhøyrande 55/12. Dersom det ikkje kjem inn merknader til dette, vil kommunen legge inn felleseiga som grunneigar heilt fram til innteikna blå/svart strek på austre side av den minste holmen til 55/12.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottek dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motførestillingar til dette framlegget, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med dette. Underretting om retting av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Framlegg til retting 21.04.15

Mottakere:

Anne Grete Tverberg	Galden 1	6869	HAFSLO
Anny Skjelanger	Paradisvegen 32	5917	ROSSLAND
Arvid Steinar Smedsvik	Gymnasvegen 70A	5200	OS
Bernt Karstein Skjelanger	Skjelangervegen 1025	5917	ROSSLAND
Bernt-Johan Skjelanger	Paradisvegen 9	5917	ROSSLAND
Erling Magne Førde	Skjelangervegen 1015	5917	ROSSLAND
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Frank Magnar Skjelanger	Paradisvegen 30	5917	ROSSLAND
Ingunn A S og Arnfinn Sørli	Monavegen 4	6386	MÅNDALEN
Janne Iren Skjellanger	Liagardan 67	3540	NESBYEN
Kari Rougne	Huk Aveny 23B	0287	OSLO
Kari Sundal	Sandvikslien 25	5037	BERGEN
Kåre og Mette H J Skjelanger	Skjelangervegen 983	5917	ROSSLAND
Statens Vegvesen Hordaland	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Svein Helge Skjelanger	Paradisvegen 37	5917	ROSSLAND
Sylvi Johanne Irgens	Biestøa 21	4878	GRIMSTAD
Tor Sigurd Smedsvik	Tunvegen 11	5231	PARADIS
Turid I S Tollefsen	Nattlandsveien 99	5094	BERGEN